

Utdrag frå årsmeldinga til Hjellvikvåg Idrettslag for 1970.

Året 1970 har vore eit av dei mest aktive sidan laget vart skipa, og medlemstalet ved utgangen av året var:

menn	kvinner	gutar	jenter	sum
17	3	19	8	47

Det har vore halde 5 styremøte, 1 medlemsmøte (årsmøte), og dessutan har det vore skipa til ein underhaldinskveld med kåseri av idrettskonsulent Seim, film og utlodning.

Interessa for trim og idrett har vore aukande, og i haust- og vintermånadene har det vore drive innandørstrim. Diverre har laget berre eit klasserom til rådvelde for slik trenings.

Laget hadde i 1970 4 grupper: skeisegruppe, skigruppe, friidrettsgruppe og fotballgruppe.

Skeisegruppa som sjølvsagt arbeider under svært vanskelege tilhøve, har halde 1 renn (skeiseknapp-prøve). 19 stk. stilte til start, og 18 stk. klarte krava til merka. 4 bronse, 11 sølv og 3 gull.

Hjellvikvåg I.L var dette året for første gong medlem i Hordaland Skikrins, og dette førde til sterkt aktivitet i skigruppa. Styret i gruppa har hatt 8 møte og har elles arbeidd med planlegging av renn, instruksjon og løypelegging. Gruppa har skipa til 3 treningsrenn og 1 kombinert klubb- og merkerenn. I det siste starta 64 stk. Det vart teke 9 skimerke for vaksne, 5 bronse og 4 sølv. 14 stk. tok ungdomens skimerke, 3 bronse 9 sølv og 2 emalje.

I Osterøy meisterskapen i langrenn for gutter og jenter hadde laget med 14 deltagarar. Elles har laget hatt med løparar i 6 renn utanfor Osterøy. 36 stk har starta i desse renna, og det vart teke 15 premiar. I denne oversikta er teke med dei som starta i Bjørnar I.L. sitt langrenn 9 stk. I dette rennet vart det som kjent, ikkje delt ut premiar.

Friidrettsgruppa har også vore aktiv. Det har vore skipa til 2 trenings terrengløp, 1 orienteringsløp og klubbeimeisterskap i terrengløp. Gruppa har også fått i stand ein trimtur, "Tirevolvsfjellet over". Elles har gruppa arbeidd med idrettsmerkeprøvar og har i alt hatt 6 slike prøvar. Diverre kom dette arbeidet altfor sent i gang, slik at berre 1 deltagar vart ferdig med alle øvingane og har teke idrettsmerke.

I Osterøy meisterskapen i terrengløp hadde laget med 10 deltagarar. Desse kom heim med 4 premiar.

Fotballgruppa har vel kanskje ikkje vore den minst aktive, sjølv om der ikkje er store resultat å visa til. Serleg er dei yngste svært ivrigje. Men med ein skuleplass på (20 x 30)m til treningsplass er det vonlaust å få noko til på dette feltet. Aktivitetene her er difor heilt på det lokale plan.

For

Hjellvikvåg Idrettslag

Ragnar Ståll  
form.

Utskrift frå rekneskapen åt Hjellvikvåg Idrettslag for 1970.

Innkome:

Medlemskontingent 1970 . . . . .	kr. 172,-
Gåve . . . . .	" 30,70 ✓
Utlodning, brutto . . . . .	" 229,25 ✓
Startpengar, klubbrenn . . . . .	" 224,- ✓
Selt premiar til 17-maikomiteen . .	" 101,95 ✓
Selt skeiseknappar . . . . .	" 67,- ✓
Selt skimerke . . . . .	" 81,- ✓
Selt handbøker . . . . .	" 7,- ✓
Tilskot frå kommunen for 1970 . . .	" 300,- ✓
Tilsaman: . . . . .	kr 1.212,90
I kassa pr. 1/1 1970 . . . . .	" <u>651,-</u> kr. 1.863,90

Utgifter:

Bergen Hordaland Idrettskrets, konting.kr.	40,- ✓
Utgifter vedk. skirenn utanbygds . . ."	298,- ✓
Statens Filmsentral, filmleige . . . "	22,40 ✓
Kjøpt til utlodning . . . . .	" 42,65 ✓
Betalt for vask og husleige . . . . "	" 40,- ✓
A/S Rakneshandel, premiar . . . . "	" 674,- ✓
Betalt for handbøker . . . . .	" 264,40 ✓
Kjøpt skimerke . . . . .	" 66,40 ✓
Hordaland skikrins, kontingent . . . "	" 20,- ✓
Kjøpt skismurning . . . . .	" 22,- ✓
Kjøpt til utlodning, (ikkje avvikla) 20)"	50,- ✓
Fjeilstad, 2 ringpermar . . . . .	" 11,60 ✓
Telefon og porto . . . . .	" <u>52,40</u> ✓
Tilsaman . . . . .	<u>kr. 1.365,85</u> kr. 1.365,85
I kassa pr. 31/12 1970 . . . . .	<u>kr. 498,05</u>

Rekneskapen er revidert av Agnar Hjellvik.

For

Hjellvikvåg idrettslag

Rudar Stål

Form.